



Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Bergen/Fana, 19. september 2016

Vår ref.: AM/-

16/3894 - Om kunstens og kulturens kraft i kvardagsintegreringa

Vi viser til telefon frå Bente Guro Møller og seinare tilsendte brev som av ein eller annan grunn ikkje er registrert inn på teateret. Diverre rekk vi ikkje å gje eit utfyllande svar denne gongen, men kan summere opp kort kva vi gjer som svarar på dei to spørsmåla som er stilt.:

1. En oversikt over tiltak institusjonen/virksomheten allerede har igangsatt som bidrar til økt mangfold og integrering.

Hordaland Teater er eit lite teater med berre 10 tilsette personar. Eit av dei mest konkrete tiltaka teateret har gjort var å vere ein av fødselshjelparane for Fargespill. Denne institusjonen står no på eigne bein, sjå www.fargespill.no. Ei av teateret sine tilsette har framleis oppgåver knytt til framsyningar i Fargespill. Ut over dette har ein ikkje systematiske program for intergrering og mangfald, men snarare ei open haldning til å nytte den kunstnarlege kompetansen som mange innvandrarak har. Vårt litle teater har tilsett dokkespelar frå Bulgaria, teknisk leiar frå Nederland og sceneteknikar frå Portugal. Vi har og nytta skodespelarar med innvandrabakgrunn i «norske» framsyningar.

2. Eventuelle planer for aktiviteter og tiltak som kan bidra til integrering og inkludering i tiden fremover.

Hordaland Teater skal sette opp «Eg ringer brørne mine» av dramatikaren Jonas Hassen Khemiri i første halvdel av 2017. Stykket skal spelast i Den Kulturelle Skulesekken. Skodespelarane i dette stykke har multikulturell bakgrunn, då dette stykkje omhandlar Amor (med innvandrabakgrunn) si oppleving av eit bombeattentat. Stykket vil sette fokus på integrering og utanforskap.

Dette var ei kort oppsummering av kor teateret står nett no. Vi er elles midt i ein strategiprosess, og dette er eit av fleire tema som heilt sikkert vert tatt med der og. Om det skulle vere spørsmål, står vi til rådvelde for dette.

Beste helsing
Hordaland Teater LL



Ane Marøen
direktør